



Det var fullt hus på den flotte festen.

Det måtte setjast ut både ekstra stolar og ekstra bord i Kulturhuset Husnes då det vart arrangert Internasjonal kulturfest fredag ettermiddag i samband med TV-innsamlingsaksjonen. I overkant av 280 publikummarar fekk oppleve eit imponerende og variert program med både verbale og musikalske innslag, og det heile vert toppa med eit matbord som det er umogeleg å konkurrera med på andre arrangement.



Mohammed A. Mohammed hadde eit tankevekkjande, interessant og lærerikt innlegg.

- Det store vendepunktet for meg kom då eg fekk sommarjobb ved Herøysund kompetansesenter i 2013, sa mellom anna Mohammed A. Mohammed frå Somalia, Beinavikjo og Uskedalen då han fortalde om si reise frå han kom som flyktning til Kvinnherad i 2011. Mesteparten av tida etterpå har han budd i Uskedalen, først på Steinsletto og siste tida i leilighet på Uskedal Brygge i Beinavikjo.

Frå første tida kunne han fortelja om mykje einsemd, ja, utanom skuletida var livet einsemd. Han beskreiv det med at han kunne sitja 4-5 timar i sofaen og tenkja; - utan å vita kva han tenkte på. Då han etter søknad fekk den omtala sommarjobben byrja eit nytt liv. Han fekk kollegaer, og vidare fekk han venner, julebord og andre personalsamlingar. Han fekk fritid med turar, bading, quiz og mange andre aktivitetar. Alt, som eit resultat av det positive svaret på jobbsøknaden.

Mohammed kom også med råd ut frå sine erfaringar.

- Det er viktig å delta. Delta i frivillig arbeid. Det er viktig, sa han og fortalde at det gjorde han før han fekk jobben. I tillegg sa han at det er viktig å stå på og ikkje gje opp. Han fortalde om ein kamerat som no går på høgskule i Bergen som hadde sendt jobbsøknad kvar dag i to år. Då fekk han endeleg jobb! Det gav resultat.

Det var både interessant, lærerikt og tankevekkjande å høyra det Mohammed fortalde på trygg og god norsk med tydelege dialektinnslag. Nokre sambygdingar var i salen og fekk høyra det, men langt fleire burde fått oppleve det! Kanskje burde vi arrangere ein internasjonal kveld her i bygda?



Yuko Shuto framførte både japansk og norsk popmusikk.



Camilla Øvstebø med nydeleg Dolly Parten-tolkning.

Men det var også mykje anna flott på programmet. Det starta med at 6 elevar frå Undarheim skule framførte appell i samband med innsamlingsaksjonen. Med flott framføring og godt innhald gav dei festen ein fin start. Musikkingslaga var mange og gode. Kulturskuleelev Vilde Bø Røsland framførte TV-aksjonssangen **Til deg**, - vakkert slik dette talentet kan. Kjekt var det når grunnskuleelevar fekk heile salen med på BLI MED dansen. For første gong fekk eg høyra Yuko Shuto frå Japan, norskelev ved Integrering og opplæring og lærar i kulturskulen. På profesjonelt vis framførte ho to popsongar på hovudinstrumentet sitt piano. Først fekk vi høyra ein japansk poplåt før ho spelte velkjende You raise me up av Rolf Løvland. Camilla Øvstebø, tilsett ved Integrering og opplæring, viste seg i sitt nummer som ein framifrå Dolly Parton-tolkar med si nydelege stemme og sitt gode gitarspel. Den musikalske delen av det oppsette programmet var avslutta med kraftfull rock. Først viste kulturskulelærar Mauricio Weimar korleis eit trommesett kan handterast i eit par nummer før det gode kulturskulebandet Cold Chase som stadig er i fin utvikling, avslutta det oppsette programmet.

Men det var ikkje slutt med det. Kvelden vart toppa med to ekstranummer. Og for nokre ekstranummer!!! Først viste 6 år gamle Abdul Karim frå Rosendal og Syria seg som ei komande rockestjerne med imponerende og kraftfull songstemme der han song med skikkeleg feeling. Heilt til slutt fekk vi oppleva eritreisk folkemusikk framført av Semereab Beyene, elev ved KVV. Tidlegare var Semereab mykje brukt som muskar både i bryllup og andre store samkomer. Han er ein meister på det eritreiske strengeinstrumentet krar i tillegg til at han syng flott. Eg lovar eg skal gjera mitt for at vi får høyra han i Uskedalen og!



Førsteklassingen Abdul Karim frå Malmanger skule imponerte.



Flott avslutning med Semereab på krar og song, og kameratane hans Tesfit, Ibrahim og Okbagebriel med eritreisk dans.

Maten denne kvelden er eit kapittel for seg. Det er alltid mykje god mat på desse festane, men i år trur eg det slo alle rekordar. Fleire langbord var fylte med nydelege rettar frå mange forskjellige land. Du finn ikkje maken på nokon fest! Det var så mykje godt å velja i, altså! Mange bidrog, men hovuddelen av æra for dette må gå til elevane ved Integrering og opplæring. Mange har gjort ein stor jobb, nokre i fleire dagar. Tusen takk til dei. Resultatet vart ei gourmetisk oppleving utan sidestykke.



Eit av dei velfylte matborda

Og midt blant all den gode maten og det fine programmet var masse flotte folk som kosa seg saman. Konferansier Anne Sofie Kjeka leia festen på ein god måte med utfyllande informasjon om TV-aksjonen mellom innslaga.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland